



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 21.08.2019
Møtestad: Heradshuset, møterom 4. et.
Møtetid: 13.00 - 15.00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Utvalseiar
Agnar Sellevold		Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Medlem
Karin B. Groth	FRP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Aashild Hestad		Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Bjarnhild Helle		Aashild Hestad

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef/prosjektleder
Bjarte H. Aarland, avdelingsleder, deltok under sak 19/2019
Gjertrud Karevoll, kommuneplanleggjar, deltok under sak 23/2019

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
17/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
18/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
19/2019	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
20/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
21/2019	ELDREDAGEN 2019



Vaksdal kommune

22/2019 TEMAKVELD FOR INNBYGGJARAR

23/2019 TILRETTELAGT TURSTI I SENTRUMSNÆRE OMRÅDE



17/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 21.08.2019

Behandling:

ELD - sak 17/2019 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

18/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Eldrerådet 21.08.2019

Behandling:

ELD - sak 18/2019 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

19/2019: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Eldrerådet 21.08.2019

Behandling:



Vaksdal kommune

Bjarte H. Aarland, avdelingsleiar for Ressurssenteret på Vaksdal, orienterte om bruk av sjuke-signal på sjukeheimane og svara på spørsmål knytt til dette.

Prosjektleiar/kommunalsjef Solrun Hauglum ga ei kort orientering om status i "Lev Vel i Vaksdal".

ELD - sak 19/2019 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.

20/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Eldrerådet 21.08.2019

Behandling:

ELD - sak 20/2019 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

21/2019: ELDREDAGEN 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet 21.08.2019

Behandling:

Turbinen er bestilt. Sekretær vert bedt om å melda frå til SFO om arrangementet.

Det vert servert bløtkake til kaffien 1. oktober på sjukeheimane som markering av Eldredagen.

Gjennomgang av program og arbeidsoppgåver. Helse og omsorg får ca 10 minutt til orientering.

Bjarnhild har kontakt angående matbestilling. Agnar har ordna med dukar. Plakatane skal vera ferdig laminerte og klar til henting i veke 38, 8 stk. Ny song skal trykkjast opp til songheftet i 75 eksemplar.

Treng også 30 nye songhefte.

ELD - sak 21/2019 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet markerar den internasjonale Eldredagen 1. oktober med å arrangera Eldrefest som planlagt i Turbinen.



22/2019: TEMAKVELD FOR INNBYGGJARAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet jobbar vidare med å arrangera temakveld for innbyggjarar i samarbeid med Pensjonistforbundet 6. februar 2020.

Eldrerådet 21.08.2019

Behandling:

ELD - sak 22/2019 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet jobbar vidare med å arrangera temakveld for innbyggjarar i samarbeid med Pensjonistforbundet 6. februar 2020.

23/2019: TILRETTELAGT TURSTI I SENTRUMSNÆRE OMRÅDE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet 21.08.2019

Behandling:

Kommuneplanleggjar Gjertrud Karevoll deltok under saka, viste powerpoint-presentasjon og leia diskusjon.

Følgjande kom fram under gjennomgang/diskusjon:

- Nærtur vert forstått som ein tur ein kan ta i nærmiljøet. Nært, men nokon vil likevel vera avhengig av transport.
- Å kunne gå ut, møta andre, mellom 1/2 - 1 time gåing.
- Eldrerådet ønskjer å starta på Dale og seinare sjå på mogelegheitene i andre bygder i kommunen.
- Så stort mangfold som råd for å nå alle grupper.
- Viktig med mogelegheit til å setja seg ned. Strategisk plassering av benkar.
- Tilrettelagde møteplassar/kvileplassar for å oppmuntra til kontakt.
- Det er asfaltert gangsti frå Stanghelle til Dalseid.
- Kan vera smart å starta med vegen ned til Johagen. Denne er ganske bra ned til brua.
- Kva skal til for å få ein rundtur på denne vegen?
- Bør ta vekk skog for å få betre utsikt. Dette er spesielt viktig der det er møte- og kvileplassar.
- Kva tengst av avklaring med grunneigar?



- Eldrerådet peikar ut to representantar som skal delta vidare i utgreiing/planlegging saman med Samfunnsutvikling.

ELD - sak 23/2019 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet ønskjer at det vert sett på mogelegheit for å tilretteleggja tursti i sentrumsnære område. I første omgang i kommunesenteret Dale, og så vil tilsvarande prosess komma seinare i dei andre bygdene. To representantar i Eldrerådet vert utpeika til å delta i dette arbeidet saman med administrasjonen.



Eventuelt:

- Den kulturelle spaserstokken. Agnar orienterte om programmet for Den kulturelle spaserstokken. Det er planlagt 14 ulike tilstelningar hausten 2019.
- Neste møte. Neste møte vert for nytt Eldreråd etter valet. Noverande leiar, Helge Risnes, kan stilla på første møte i nytt Eldreråd.